



Bli vår nye avdelingsleiar ved Møre barne- og ungdomsskule i Dragsund

Stilling: Avdelingsleiar barnetrinn, 100 % årsvikariat (50 % er undervisning)

Søknadsfrist: 14.05.2024

Startdato: 01.08.2024, eller etter avtale

Om skulen:

Møre barne- og ungdomsskule er ein god stad å jobbe! Vi legg vinn på å skape eit inkluderande og trygt miljø der elevane føler seg sett og høyrde. Skulen består av to avdelingar: barnetrinn og ungdomstrinn. Samstundes er vi samlokaliserte og utgjør og fungerer som eitt kollegium.

Dei seinare åra har vi satsa mykje på å etablere eit fungerande rammeverk for arbeid i team. Skulen starta som rein ungdomsskule i 2006, men er no, etter fleire byggetrinn, ein fulldelt 1-10 grunnskule, med eigen SFO. Sentral plassering på ytre Sunnmøre, vanlegvis har vi elevar frå 5 kommunar i regionen.

Skulen sin visjon er bygd på dei 4 K-ane:

Kvalitet – i alt vi gjer
Kunnskap – om verda og fagstoffet
Kjennskap - til den kristne trua
Karakter – som menneske

Barnetrinn:

- Ca 80 elevar, vanlegvis 10 til 15 elevar per klasse.
- Vi legg vekt på tryggleik og trivsel.
- Eleven si læring og utvikling står alltid i sentrum.
- Satsing på uteskule.

Ungdomstrinn:

- Ca 70 elevar, ei klasse per trinn, vanlegvis med 15 - 28 elevar.
- Fokus på trivsel, trygt miljø og god læring
- Sterk "turkultur"
- Personleg datamaskin til alle

Vi tilbyr:

- Gode løns- og arbeidsvilkår.

- Eit moderne skulebygg med gode fasilitetar. Flott personalavdeling med utsikt til Sunnmøralspane.
- Du vert ein del av skuleleiinga, og vil ha stor innverknad på eigen arbeidskvardag.
- Rundt 35 engasjerte og dyktige kollegaer.

Avdelingsleiar si rolle:

Som avdelingsleiar ved Møre barne- og ungdomsskule har du ei sentral rolle i den daglege drifta på barnetrinnet, med personal- og økonomiansvar på ditt arbeidsfelt. Ansvar for å leie og koordinere undervisning og pedagogisk arbeid. Skulen har vidare ein tydeleg kristen profil, og avdelingsleiar har ei viktig rolle i å formidle og integrere kristne verdiar i arbeidet på barnetrinnet.

Vi søker etter:

Ein avdelingsleiar som trivst i samarbeid med elevar, føresette og tilsette, som har eit sterkt engasjement for pedagogisk arbeid og skuleutvikling, og som er oppteken av å utvikle og oppfylle skulen sitt kristne formål. Du må vere løysingsorientert, kunne motivere og inspirere tilsette og elevar, samstundes som du har evne til å utvikle, implementere og ivareta gode system og rutinar.

Meir informasjon om skulen eller stillinga?

- www.moreskule.no
- Rektor Asbjørg Muren Ulvund
 - Mob: 901 41 021
 - E-post: asbjorg.ulvund@moreskule.no

Send søknad med CV og referansar til post@moreskule.no

Vi ser fram til å høyre frå deg!

